

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 26. januar 2018
Stad: Geilo, Bardøla Høyfjellshotell

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Petter Rukke,	Hol kommune
Heidi Granli,	Gol kommune (sak 03 – 07)
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Solveig Vestenfor hadde forfall.

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Anne Sandum, fylkeskontakt
Arne Jørstad, fylkeskontakt

Frå rådmannsutvalet møtte:

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Torbjørn Hansen,	Nes kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 01/18 BI LØYSING VELFERDSPILOT HALLINGDAL

Audun Grynning, Hallingdal Kraftnett og Terje Myrseth, Advectas AS orienterte om BI løysing velferdspilot Hallingdal. Jan Olav Trillhus prosjektleiar Hallingdal Kraftnett deltok og i saka. Dette er eit prosjekt som Hallingdal Kraftnett har initiert i samband med velferdsteknologiprojektet, og er m.a. eit analyseverktøy. Rådmannsutvalet vil vurdere om løysinga kan vera eit eigna verktøy. Vedlagt presentasjon.

SAK 02/18 VELFERDSTEKNOLOGIPROSJEKTET HALLINGDAL, ORIENTERING

Stig Henning Morken, prosjektleiar velferdsteknologiprojekt Hallingdal orienterte om status Hallingdal og arbeidet framover, vedlagt presentasjon.
Audun Grynning og Jan Olav Trillhus, Hallingdal Kraftnett deltok i saka.

SAK 03/18 ORIENTERING OM STATUS OMORGANISERING NAV

Rådmannsutvalet orienterte om arbeidet med framtidig organisering av NAV i Hallingdal.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir laga eigen sak om organisering av NAV i Hallingdal, til møte i regionrådet 23.2.2018.

SAK 04/18 HANDLINGSPROGRAM STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vedtek handlingsprogram 2018 til Strategisk plan for Hallingdal, datert 26.1.2018, vedlagt.

SAK 05/18 SØKNAD OM STØTTE TIL MOUNTAINS OF NORWAY SA – ÅR 2**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal oppfatar at søknad om tilskot til Mountains of Norway er eit prosjekt som tidlegare er støtta av Buskerud fylkeskommune, og som ikkje har vore ein del av Regionrådet for Hallingdal si handsaming og prioritering. Regionrådet for Hallingdal ser det som naturleg at det er Buskerud fylkeskommune som handsamar denne søknaden.

SAK 06/18 HALLINGKOST, ORIENTERING

Gudmund Brekko og Else Horge Asplin frå Hallingkost (frå Berlin og Grüne Woche) orienterte om status for Hallingkost og framtidsutsikter. Det var peikt på tema i forhold auka fokus på lokalprodusert mat, mål om auka omsetning frå produsentar i Hallingdal, godkjenningssordningar, matruter, tettare samarbeid med reiselivet og nettverk på tvers av regionar. Vedlagt presentasjon.

SAK 07/18 EVENTUELT**Fagskule**

Knut Arne Gurigard orienterte kort om [fagskuletilbod reiseliv](#) (sak 39/17) som er under planlegging. Bakgrunn for prosjektet er m.a. Buskerud fylkesting si handsaming sak 15/1625 Handlingsprogram 2016 - 2019 for Buskerud fylkeskommune. Der vart det vedteke følgjande forslag: «*Styret ved Fagskolen Tinius Olsen (FTO) bes utrede mulighetene for knoppskyting fra eksisterende fagskoletilbud på Ringerike, samt etablering av nye fagskoletilbud innen reiseliv og helse og sosialfag lokalisert til Hallingdal og Ringerike*».

Fagskolen Tinius Olsen har gjennomført eit forprosjekt der mogelegheitene for å etablere ei reiselivsfagskule i Hallingdal er undersøkt. I forprosjektet er mobilisering, kartlegging av interesserte bedrifter, aktørar og institusjonar utgreidd. I samarbeid med desse aktørane er det semje om at Fagskolen Tinius Olsen bør etablere ein studiestad innan reiseliv som blir lokalisert på Geilo. Formålet er å etablere ei formell etterutdanning for reiselivsnæringa, med slik framdrift:

- Tilrettelagt for oppstart av nytt studietilbod med søknad til NOKUT 15.09.2018.
- Oppstart studietilbod 19.08.2019

Livskvalitet

Knut Arne Gurigard orienterte kort om møte med Helsedirektoratet og folkehelseinstituttet vedr. Hallingdal si satsing på livskvalitet, der målet m.a. er å synleggjera kva gevinstar som kan oppnåast for regionen ved å vektlegge trivsel og livskvalitet for innbyggjarar og besøkande. Helsedirektoratet har i etterkant av møte signalisert at dei ynskjer vidare sonderingar med Hallingdal, med tanke på eit samarbeid, der Hallingdal kanskje kan vera ein pilot.

Viken

Regionrådet for Hallingdal har invitert Buskerud fylkeskommune til å være med i et prosjekt som har som mål å klargjera Hallingdal sine mogelegheiter og utfordringar, i samband med prosess for etableringa av Viken fylkeskommune, sak 54/17.

Buskerud fylkeskommune ser svært positivt på oppmodinga og vil stille både i ei politisk styringsgruppe og setja av adm. ressursar til prosjektet.
Kjersti Bærug Hulbakk frå Buskerud fylkeskommune og dagleg leiar vil førebu eit grunnlag for vidare arbeid.

Vegpakke Hallingdal

Det er etablert eit tre-part samarbeid mellom Buskerud fylkeskommune, Statens vegvesen og Regionrådet, for Hallingdal for å arbeide vidare med Vegpakke Hallingdal. Oppstartsmøte er 16.februar.

SAK 08/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL 26.1.2018

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Hallingdal 26.1.2018

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Petter Rukke, Hol kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune